



SPAR får eit dekorativt inngangsparti

**Byggeprosjektet til SPAR utviklar seg raskt og er snart imål
Det gjeld også
det utvendige og noko av det siste som har skjedd er
montering av det raude inngangspartiet.
Det er riktig 'dekorativt' og iaugefallande og bryt monotonien
i bygget.
Ein annan sak som uskedalen.no har fått
spørsmål om er sjølv parkeringsplassen som så langt har
hatt preg av eit visst kaos.**

Dagleg leiar Bente Nilsen opplysar at skilta har kome og at skiltinga held fram til veka. Når det gjeld parkeringsplassen, skal også mykje skje dei nærmaste dagane. Framfor alt skal den oppmerkast slik at det blir plass til fleire bilar og slik at dei finn sine plassar utan problem.

Vi merkar oss og at det har kome opp rekkverk mellom Sandavegen og vegg på tilbygget og det er sikkert viktig for å unngå påkjørslar,

Derimot har vi ikkje registrert nokon løysing når det gjeld adkomsten og kommunen sitt areal ved innkøyinga.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Parkeringskaos må unngåast og oppmerking skjer til veka